



Informasjon frå
Sunnhordland
Interkommunale
Miljøverk IKS

1/2010

April • Årgang 17



Rett frå dunken

Nye prisar på miljøsentralane

1. mai vert det nye prisar for innlevering av avfall på SIM sine miljøsentralar. Minsteleveranse (1 sekk) vil kosta kr. 45. For mengder opptil 1,5 m³ (om lag det du får oppi 15 bossekker) vil prisen vera kr. 150. For mengder frå 1,5 til 3 m³ kostar det kr. 300. Større mengder vert avrekna etter vekt eller volum. Miljøsentralane har betalingsterminal.

Kun for hytteabonnentar

Hyttekonteinarane er ein del av hytteabonnentane si renovasjonsordning. Det er kun dei som betalar abonnement for hytterenasjon som har lov til å bruka konteinarane. Meld frå til SIM på tlf. 53 45 78 50 dersom du observerer misbruk, konteinarane er full eller boset flyt på utsida. SIM ynskjer at det skal vera reint og ryddig kring konteinarane.



Tid for rydding

Janne Totland og tvillingane Mathilde og Michelle Økland har hatt sin eigen ryddeaksjon. Her er dei i Svartasmoget for å kvitta seg med papir.

Mange har kome i bakleksa med ryddinga i år som følgje av den snørike vinteren. Men no er snøen borte, og SIM sine miljøsentralar står klare til å ta imot. Du er velkommen innom med avfall som du ikkje får plass til i bosdunken, eller som du ikkje har lov til å kvitta deg med på den måten. Og først på miljøsentralen: Hugs å få med deg eit lass av vår grøderike kompostjord til hagen.

Tradisjonen tru på denne tida av året dreg SIM i gang ryddeaksjon. I år er det to aksjonar. Den eine

er for *vellag, burettslag* og *andre* som vil rydda sine nærområde. I den andre ber me folk *melda frå* om område som treng rydding, og der det er uklart kven som eigentleg har ryddeansvar. Deretter vert det SIM si oppgave å ta saka vidare.

Spørsmål om renovasjon og slamtømming kan rettast til SIM på tlf. 53 45 78 50, eller du kan finna informasjonen du treng på vår nettstad; www.sim.as





SIM dreg i gang to ryddeaksjonar



Våren er ryddetid. SIM dreg i gang to ryddeaksjonar og oppmodar fastbuande og hyttebrukarar til å engasjera seg for ein reinare og ryddigare heimkommune.

Ryddeksjon 2010

Dette er den årlege ryddeaksjonen for *vellag, burettslag* og *andre grupper av friviljuge* som ynskjer å rydda område som andre ikkje har plikt til å rydda etter forureiningslova. Døme kan vera buområde, nærområde, turstigar, skogsteigar og strender.

Etter påmelding sender SIM sekker til å samla boset i. Dette er spesielle sekker som kun kan

nyttast i denne ryddeaksjonen. Avfallet må fraktast til ein av SIM sine miljøsentralar, der det kan leverast kostnadsfritt.

Skular, barnehagar, næringsverksemder og arrangør av tilstelling kan *ikkje* vera med på denne ryddeaksjonen, men SIM kan vera med og diskutera andre løysingar for desse.

Hjelp å få i kundemottaket

Sissel (t.v.) og Trine i SIM sitt kundemottak i Svartasmoget svarar på spørsmål som har med renovasjon og slamtømming å gjera. Du når dei på tlf. 53 45 78 50. Du kan også bruka nettet. På www.sim.as kan du bestilla bosdunkar, melda frå om manglande tømming, lasta ned tømmekalender, be om endringar i abonnementet og mykje anna.

Restavfallet nærare omen

Som kjent skal restavfallet i framtida sendast til eit energigjenvinningsanlegg i staden for å leggjast på bosplass. Målet er å utnytta energien i avfallet og få ned mengda av metangass frå bosplassane. SIM reknar med å tildela kontraktane på transport og brenning av restavfall i april. Overgangen til brenning vil skje kort tid etterpå. Abonentane vil merka lite til endringane. Dei skal sortera bos i tre dunkar som før.

Ha ekstrasekk på lur

Innimellom vert det ikkje plass nok i restavfallsdunken. Då kan det vera greitt å ha ein ekstrasekk på lur. «Gråsekken» kan kjøpast på kommunehuset eller miljøsentralen for kr. 45. Prisen dekker kostnaden med behandling av avfallet i sekken. Ekstrasekken kan setjast fram til vegen same dag som det er restavfallstømming.



Gjennom ryddeaksjonen «Rydd Sunnhordland» får SIM tips om mange område som treng opprydding.





Alltid like engasjert. Anne-Brith Husevik samla naboane til ryddedugnad i Studalen på Stord i fjor, og er naturlegvis også med på «Ryddeaksjon 2010».

Rydd Sunnhordland

Parallelt med den årlege ryddeaksjonen går «Rydd Sunnhordland», som er eit litt «annleis» ryddetiltak.

I «Rydd Sunnhordland» ber SIM folk *melda frå* om område som er forsøpla og treng rydding. SIM vil deretter prøva å finna ut kven som «eig» boset, hjelpa vedkomande i gang med ryddinga og prøva å finna gode løysingar for avfallsleveringa. Den som melder frå treng

med andre ord ikkje rydda sjølv, det er nok å tipsa. Døme på forsøpling me ynskjer melding om, er villfyllingar i skog og mark, bilvrak og strender.

«Rydd Sunnhordland» er finansiert gjennom SIM sitt miljøfond. For 2010 er det sett av kr. 500 000 til føremålet. Meir informasjon på www.sim.as.

Meir informasjon og elektronisk påmelding: www.sim.as

Ven med dunken – og naboen

Enkle hugsereglar for deg som har bosdunk:

- Dunken må vera ute til kl. 06.00 for at du skal vera sikker på å få den tømt.
- Plasser dunken *ved* veg, ikkje *i* veg.
- Ikkje overfyll dunken. Loket skal kunna lukkast att.
- Dra dunken heim etter tømning. Hugs at naboen din bur ved tømmestaden.



Kontakt oss ved manglande tømning



Meld frå så snart som råd dersom bosdunkene ikkje vert tømt som avtala (sjå tømmekalenderen).

For feilmelding:

Austevoll, Kvinnherad og Tysnes: Tlf. 95 25 35 20.
Bømlo, Fitjar, Stord og Sveio: Tlf. 95 25 35 15.

Feilmelding kan også sendast elektronisk på www.sim.as.

Slamtømming i 2010

I 2010 vert det slamtømming i kommunane Austevoll, Fitjar, Kvinnherad, Stord og Tysnes. Tømminga i Austevoll gjeld kun heilårshus, i dei andre kommunane er det tømning både for heilårshus og hytter. Abonnentane får tilsendt informasjonsblad i god tid før tømning. Spørsmål kan rettast til Johny Birkeland Transport AS, som tømmer slam for SIM. Telefon 57 78 11 70 eller 970 10 092.

Sendar:

OFFENTLEG INFORMASJON

Sunnhordland
Interkommunale
Miljøverk IKS
Svartasmoget
N-5419 Fitjar



Kompostjorda vert framstilt gjennom rankekompostering og solding i Svartasmoget.

Kompostjorda klar for plenen

Mengder av grøderik kompostjord og plenblanding ligg klar på SIM sine miljøsentralar.

Produkta er populære som jordforbetningsmiddel og som topplag på grasplenar og i bed. I fjor selde SIM meir enn nokon gong.

Kompostjorda er laga av bioavfall frå SIM sine medlemskom-

munar. Den bør blandast med anna jord før planting. Plenblandinga, derimot, kan såast i direkte. Den består av halvt om halvt med kompostjord og sand.

Prisen er kr. 150 for ein liten tilhengjar og kr 300 per tonn for større mengder. Kunden må sjølv ha med tilhengjar. I Svartasmoget og på Husnes kan ein få hjelp til å lasta molda.

Dette kostar kr. 75. På dei andre miljøsentralane må kjøpar lasta molda sjølv.



Driftsoperatør Einar Breivik på komposteringsanlegget.

EE-avfall skal leverast inn

Kasserte elektriske- og elektroniske produkt skal ikkje kastast i bosdunken. Slikt avfall må leverast på miljøsentralen eller til forhandlar av slike produkt. Det er kostnadsfritt å levera.

Farleg avfall til miljøsentralen

Restar av måling, lim, lakk, olje, sprayboksar, løysemidlar og andre typar farleg avfall skal leverast inn på miljøsentralen. Det er forbode å kasta slikt avfall i bosdunkane.

Opningstider miljøsentralane 2010

Austevoll, Porsdalen

Torsdag kl. 10.00 – 18.00.

Perioden 1. april – 30. sept.: Annankvar laurdag (oddetalsveker) kl. 09.00 – 14.00.

Perioden 1. okt. – 31. mars: Siste laurdag i månaden kl. 09.00 – 14.00.

Påskeaftan, julaftan og nyttårsaftan stengt.

Bømlo, Hollundsdalen

Måndag, tysdag og torsdag kl. 12.00 – 18.00.

Perioden 1. april – 30. sept.: Annankvar laurdag (oddetalsveker) kl. 09.00 – 14.00.

Perioden 1. okt. – 31. mars: Første laurdag i månaden kl. 09.00 – 14.00.

Påskeaftan, julaftan og nyttårsaftan stengt.

Fitjar og Stord, Svartasmoget

Måndag kl. 08.00 – 18.00.

Tysdag – fredag kl. 08.00 – 15.30

Annankvar laurdag (partalsveker) kl. 09.00 – 14.00.

Perioden 1. april – 30. sept.: Torsdagar kl. 08.00–18.00.

Påskeaftan, julaftan og nyttårsaftan stengt. Onsdag før skjærtorsdag ope til kl. 12.00.

Kvinnerad, Husnes industriområde

Måndag og torsdag kl. 13.00 – 18.00.

Tysdag og fredag kl. 08.00 – 13.00.

Perioden 1. april – 30. sept.: Annankvar laurdag (partalsveker) kl. 09.00 – 14.00.

Perioden 1. okt. – 31. mars: Første laurdag i månaden kl. 09.00 – 14.00.

Påskeaftan, julaftan og nyttårsaftan stengt.

Sveio, Sveiåsen

Måndag kl. 10.00 – 18.00.

Perioden 1. april – 30. sept.: Annankvar laurdag (oddetalsveker) kl. 09.00 – 14.00.

Perioden 1. okt. – 31. mars: Siste laurdag i månaden kl. 09.00 – 14.00.

Påskeaftan stengt.

Tysnes, Eredalen

Tysdag kl. 10.00 – 18.00.

Perioden 1. april – 30. sept.: Annankvar laurdag (partalsveker) kl. 09.00 – 14.00.

Perioden 1. okt. – 31. mars: Siste laurdag i månaden kl. 09.00 – 14.00.



Sunnhordland
Interkommunale
Miljøverk IKS

Svartasmoget, N-5419 Fitjar
Telefon: 53 45 78 50
Telefaks: 53 45 78 60

E-post: sim@sim.as
Nettstad: www.sim.as

SIM